


# Marknadsføring og omtale



" et høydepunkt for vestlandskulturen "  
-Dag Lindebjerg

"Terningast 6, sa han i setet ved sidan av"  
Sogn Avis



"Humørfyllt tidsreise"  
BA



## FIRE OM «IVAR MEDAAS-DAR KJEM DAMPEN»



### **SIGMUND EIKÅS JØLSTER**

– Det var ei fantastisk førestilling. Ikkje berre fordi eg kjende Medaas, men sjølve førestillinga, gjennomføringa og den musikalske utøvinga var fantastisk. Det var ei herleg førestilling!



### **STEINAR SÆTRE HAUGESUND**

– Førestillinga er heilt fantastisk. For oss som satt i salen i kveld gjekk låtten og gråten om ein annan gjennom heile kabareten. Eg er heilt utslitt. Takk!



### **KARI FIMLAND FØRDE**

– Det var ei veldig festleg førestilling. Det var heilt topp for oss som kjende Medaas og musikken hans. Eg vil gjerne sjå førestillinga fleire gonger.



### **STIG HOLMÅS BERGEN**

– Meiningsfylt, morosamt, og på kornet. Ein hyllest til eit menneske, ein kunstnar, og ei kjærleikserklæring til folk og kulturar. Gråt ein skvett gjorde eg òg. Tusen takk!





**Medaas og Dampen på DNS**  
Stykket Ivar Medaas-Dar kjem dampen gjenir Den Nationale Scene 2. og 3. mars.  
Medaas og Dampen på DNS  
Medaas og Dampen på DNS  
Medaas og Dampen på DNS



**Rørte familien til tårer**

- Han var skummelt lik, seier Nils Medaas, etter å ha sett Claus Sellevold tolka rolla som faren Ivar i kabareten Ivar Medaas-Dar kjem dampen på Nordhordland Folkeshøgskule i helga. Side 12-13

**Har fått opp damp**  
Sogn og Fjordane teater Premiererklar

23. februar gje seggar opp for Ragnar Hovland 20 år som stykket om Ivar Medaas. Sogn blir på DNS.

**Sogn Avis**  
Laurdag 15. mars 2014 • Nr. 52  
Hertz  
Løssal kr. 20,-

**Spora etter Ivar Medaas Når ein kabaret òg blir kulturarv**

LEIAR: Kabareten "Dar kjem dampen", av og delvis med Claus Sellevold, hadde premiere i Førde 20. februar.

Publisert: 06.mar.2014 10:17 Oppdatert: 06.03.2014 10:19

Tysdag skreiv me i Strilen om korleis det gjekk då Sellevold og dei andre på scena i helga tok framsyninga med seg "heim" i form av to førestillingar på Nordhordland Folkeshøgskule. "Dar kjem dampen" gjorde meir enn å besta testen på heimebane. Den fekk velfortent skryt frå Medaas sin familie. Familien møtte mannssterke fram, og uttrykte kor glade og takknemlege dei er for at kabareten er blitt ein realitet.

**"Kabareten fortel ei viktig historie om den felles kulturarven som har vore ein grunnpilar i utviklinga av regionen vår.**

Det er ikkje berre familien til Ivar Medaas som har grunn til å vera takknemleg. Sjølv om me kanskje ikkje tenkjer på det til kvardags, er det faktisk slik at Sellevold og Sogn og Fjordane Teater sin innsats løftar fram meir enn historia om den fargerika og folkekjære Ivar Medaas. Kabareten fortel ei viktig historie om den felles kulturarven som har vore ein grunnpilar i utviklinga av regionen vår. Gjennom glimt frå livet til Medaas og miljøet han kom frå i Alversund, set "Dar kjem dampen" fokus på tradisjonar og særtrekk som ikkje ligg så langt tilbake i tid, men som likevel er fjerne for mange nordhordlandingar.

**PULSEN**  
INTERNASJONAL SØKERLISTE FOR TEATERSJEFJOBBER SIDE 28  
Ny dramatik: Ragnar Hovland. Arvid Otnes, Olav Stedje og Claus Sellevold  
**Gjengen må ut av Bergen**  
23. februar gje seggar opp for Ragnar Hovland 20 år som stykket om Ivar Medaas. Sogn blir på DNS.  
Kan bli et gjestespill  
- Storen enn Ylvis




**FØREBILETE:** Olav Stedje, her i prat med enka Kari Medaas, kallar Ivar Medaas eit forebilete, då han song på eit språk dei kjende.



**FÅR SKRYT:** Kabareten møter fulle hus og får skryt over alt kor dei reiser

# Om artistane



**Olav Stedje** kjend frå ei rekkje musikkalbum, seks sølvplater og deltaking i Melodi Grand Prix i 1983, 1985 og 1987. Etter å ha spelt i lokale Compact og Ole Brums orkester, der sistnemde ga ut plata *Heime igjen* (1977), utkom debutalbumet *Ta meg med* i 1981 der Lava medverka. Den resulterte i fleire Norsktopp-plasseringar med *Vi vandrar saman* og *Når ho er hjå meg*. Olav var óg vokalist med Lava. Debuten vart etterfølgt av *Stedje* (1982). Sistnemde vart tildelt Spellemansprisen 1982 i klassen pop. Deretter kom barneplata *Rocken Bom* (1984) og storseljaren *Silje* (1984). Med Jonas Fjeld som produsent følgde *Når sola renn* (1986), *Eg kjem likevel* (1987) og *Ei gåve til deg* (1990). Selskapet Tylden&Co har produsert dei siste seks albuma; *Bot og bedring* (1995), *21 beste* (1998), *Livstegn* (2006), *I levande live* (2009), *Ikkje utan deg* (2010) og *Vest for verdas ende* (2013)



**Annlaug Børshheim**  
Annlaug kjem frå Ulvik i Hardanger. Ho er utdanna folkemusikar frå Høgskulen i Telemark og ved Ole Bull Akademiet på Voss. Annlaug syng og spelar fele, hardingfele og gitar. I tillegg skriv ho tekst på norsk og komponerer eigen musikk. Ho er aktiv som frilansmusikar i mange samanhengar og har mellom anna samarbeida med Gabriel Fliflet, Olav Tveitane og ei rekke skotske folkemusikarar. Ho har også samarbeida med ulike forfattarar som Per Olav Kaldestad, Ragnar Hovland, Frode Grytten og Pedro Carmona-Alvarez. Annlaug debuterte i 2010 som soloartist med CD-en *November*. Hausten 2012 spelte ho inn og gav ut plata *Toras Dans - Populærmusikk frå Hardanger* saman med Rannveig Djønne i duoen Djønne&Børshheim.



**Claus Sellevoll** kjem frå Alversund, og livnærer seg som artist og skodespelar. Han har markert seg i ei årrekkje i ulike samanhengar, aleine eller saman med andre. Claus har ein eigen evne til å karakterisera folk med uttrykk og fakter, og ofte med eit halvt absurd innhald på grensa til det makabre. Han er kjent for sine mange figurar og treffande imitasjonar. Jon Eikemo, Sylfest Lomheim, Ivar Medaas, Mons Ivar Mjelde, Esther Pirelli, for å nemna nokre. Dei siste åra har han vore knytt til Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater. Vi har sett han i *Cato&Claus*, *Bikubesong*, *Singel&Sand*, *Vestlandsrevyen*, *Tyl* og *Vestlandsrevyen II*. Claus vart tildelt Medaasprisen 2013.



**Aage Vaksdal** har studert data og språk ved Universitetet i Bergen, teke musikklinja ved Voss Gymnas, og vore elev ved Musikkskulen på Voss. Han har arbeidd saman med Jon Eikemo i ei årrekkje, på turné, og i nyoppsetjinga av Jakob Sande-framsyninga ved Det Norske Teatret i Oslo. Aage er óg medlem i orkesteret *Aftenlandet*, som har spesialisert seg på å tonesetta nynorsk lyrikk, og har gjeve ut seks cd-plater. Elles er han turnémusikar, studiomusikar på tallause innspelningar med andre artistar, spelar i rockeband og fått gleda av å spele med artistar som Jon Eikemo, Kenneth Sivertsen, Kari Bremnes og Herborg Kråkevik. Aage har tidlegare jobba på SoFt i stykket *Tyl* (2010), *Kinnaspelet*, *AbsoluttPer* (2012), *My fair lady goes Sogn* og *Fjordane* (2013) og *Mensen Ernst-løpekongen frå Sogn* (2013).



# Om artisten Ivar Medaas

## FAKTA

Ivar Medaas (9. april 1938–7. januar 2005):

- Visesongar og felespelar frå Nordhordland. Medaas budde i Alversund i Lindås kommune i Nordhordland utanfor Bergen. I 1963 fekk han gjennombrøt som artist med songen «Dar kjem dampen». Medaas sette melodi til songen, som var skriven av Ragnvald Hammer.
- Han og kona Kari var kjende under namnet Vestlandsduoen som song på strilamål. I 2002 fekk dei målprisen. Medaas optrådde òg saman med Dizzie Tunes, Wenche Myhre og Øystein Sunde.
- Fram til 1955 budde han i Alversund, men flytta så ei tid til Oslo. Fem år seinare debuterte han hjå Jens Book-Jenssen og arbeidde deretter på Chat Noir i fire år, og så på ABC Teatret og Oslo Nye Teater i eit år kvar.
- Han blir hugsa for visene «Draumen om fred», «Sildefiske på Doggerbank» og «Dar kjem dampen». Ivar Medaas gav òg ut ei plate med tekstar av Herbjørn Sørrebø. I 1965 og 1967 deltok han i Melodi Grand Prix, og fekk ein fjerdeplass det eine året og ein femteplass det andre.
- Medaas vart rekna som ein av dei beste til å løfta fram kulturen til strilane.
- Medaas fekk hjerneslag i 1995 og vart sidan sitjande i rullestol, men i 1997 hadde han trena seg so godt opp at han kunne vere på scena att. I 1998 vart Medaas æresmedlem i Nordhordland Veteranbåtlag for å ha gjort vestlandskulturen kjend, spesielt fjordabåten DS «Oster». I 2001 vann han Gammleng-prisen i klassen veteran.



*- Gjennom samarbeidet med komponisten Geirr Tveitt og diktaren Jakob Sande vart ikkje forma til Ivar Medaas berre rekna som nyskapande, den vart sett på som legendarisk.*

**Terje Lyngstad – teatersjef**



*– Der var eit tydeleg klasseskilje mellom by og bygd på strilelandet. Ivar Medaas har betydd veldig mykje for strilekulturen og for sjølvbiletet til strilen. Han hadde ein misjon: Å gjere strilekultur og folkemusikk respektert.*

**Arvid Ones – regissør**



*– Eg prøver å vera mest mogleg ærleg mot han. Eg vil visa kva han stod for kulturelt, kva han meinte og korleis han uttrykte seg. At Ivar Medaas skjegla, blir ofte framheva, men det er eg mindre oppteken av. Eg vil at folk skal le med han, ikkje av han.*

**Claus Sellevoll – tekstforfattar og skodespelar**

# Ivar Medaas – framand fugl

Med gjennomslag utanfor heimetraktene, tilførte han kulturell identitet og sjølvkjensle til sitt eige folk. Det er inga lita sak for ein bondeson frå strilelandet. Ivar Medaas blei ein nasjonal figur.



*Tekst: Knut Langeland*

Han var ein framand i byen, slik han var ein framand i bygda. Ein disharmonisk fuglesong, ein eksotisk inntrengjar, ein usofistikert fargeklatt, ein borgarskapets klovn. Spannande, framand, eksotisk. Ein som understreka distansen mellom byen og bygda, ein som på sett og vis stadfesta byens kulturelle og sosiale overlegenheit over bygda. Det var ikkje bygda som ikkje var stor nok, men det var heller ikkje Ivar som var for stor for bygda. Han var berre annleis, utilpass, uroleg. Styrt av eit talent, ein gåverikdom, meir enn av konvensjonar og forventningar.



Slik var ikkje kunsten ein yrkesveg han valde, men meir eit kall han anten måtte følgja eller undertrykkja. Men det skjedde ikkje utan kvaler, utan tvil eller skam. Ivar Medaas var ikkje ein som var let seg forma og polera berre for å passa inn, han var kompromisslaust seg sjølv. Hand i hand med gleda over å dikta, syngja og formidla, gjekk denne kjensla av å ha skuffa, av å ha svikta og svike. Av ikkje å ha vore i stand til å svara til det som var venta av han. For det var ikkje ei tid for individualisme, for smale draumar, for kortsynt sjølvrealisering. Det var ei tid for offer og underkasting, for forsaking og fellesskap. Det var ein tradisjon der luftige draumar laut vika for smålåten realisme, der individuelle håp vart knust under tyngda av harde prioriteringar.

Ei tid der talent var underordna muskelkraft og arbeidskapasitet, der kunsten nesten alltid tapte mot kravet til mat på bordet. Der alt anna enn sjølve livet var sjølvsgagt. Det var ei brytningstid, ein overgang, og Ivar Medaas vart ein pioner som viste fram Vestlands-bygdas mangfald på ei nasjonal scene. Han var spelemann, visekunstnar og humorist i ei tid då Vestlandet var meir forbunde med religiøst svartsinn enn med lettbeint sjølvironi. Ivar Medaas bar fram karakterane og presenterte frodigheita med truverde, fordi det vart gjort med respekt og kjærleik, ikkje med distansens likesæle eller kunnskapsløyse. Det var ikkje den karikerte utkanten han representerte, han var og formidla det ekte og genuine.